



Øystein Erstad  
Møllendalsveien 65a  
5009 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1055 - 23/11928

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
13.02.2023

## Melding om registrering av næringsgruppe - gbnr 140/6 Erstad

Viser til e-post frå deg til kommunen 03.februar, der du ber om at «kommunen no registrerer våningshuset som «bustad» med næringskode 35, slik bustaden har vore i over hundre år».

Dette huset har vore registrert som våningshus = bustad, og med brukseining bustad i matrikkelen. Som du har fått opplyst så var det ikkje registrert noko opplysning i feltet for næringsgruppe. Mange/feil i næringsgruppe er dessverre ein mangel på fleire eldre bygg som har vorte registrert etter massivregistrering ein gong på 90-talet.

Det verkar som om det er denne næringsgruppa som styrer kodane som kraftselskapa referer til: forbrukskode 35. Dette er ikkje noko kode som finnast i matrikkelen.

Om denne koden mangla, var det likevel feil av BKK å definera dette som «hytte». Bygningstypen var bustad, og brukseiningstypen var bustad. Dette kunne dei sjå ved oppslag i matrikkelen.

Kommunen har no lagt inn den manglande opplysningen om næringsgruppe i matrikkelen.

Vedlagt ligg matrikkelrapport som viser kva som var registret om bygget før og etter rettinga i dag.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

140-6-våningshus før retting  
140-6-våningshus etter retting

**Mottakarar:**

Øystein Erstad

Møllendalsveien 65a

5009

BERGEN